

Tilsynsrapport

Rapport	
Rapporttittel	Oppgåvenummer
Tilsyn med Gassco si oppfølging av vedlikehald, overflateprogram, inspeksjon og aldring på Nyhamna, inkludert storulykketilsyn	003913016 og 003913017
	Saksnummer
	2024/341

Gradering	
<input checked="" type="checkbox"/> Offentleg	<input type="checkbox"/> Ikkje offentleg

Involverte	
Hovudgruppe	Oppnåveleiar
A-4	[Redacted]
Deltakarar i revisjonslaget	Dato
[Redacted]	18.10.2024

1 Innleiing

Vi gjennomførte tilsyn med Gassco si oppfølging av vedlikehald, overflateprogram, inspeksjon og aldring på Nyhamna, inkludert storulykketilsyn tysdag 10. og onsdag 11. september 2024.

2 Bakgrunn

Av Petroleumstilsynet sitt tildelingsbrev for 2024 framgår det at det er eit mål at risiko for storulykker i petroleumsverksemda skal reduserast. Petroleumstilsynet skal blant anna spesielt følgje opp risiko knytt til hydrokarbonlekkasjar. Korrosjon under isolasjon (KUI) er ei kjend problemstilling for petroleumsnæringa og dei seinare åra har vi registrert fleire hendingar der KUI har ført til betydelege lekkasjar av hydrokarbonar. Eit eksempel her er hydrogenlekkasjen på Mongstad 25.11.2016, som vart granska av operatørselskap og Petroleumstilsynet. Ein overordna konklusjon etter desse hendingane er at KUI må sjåast på samla og i eit langsiktig perspektiv. Det totale langsiktige behovet for overflatevedlikehald må reflekterast i konkrete planar og budsjett. Vi planlegg i dette tilsynet å følgje opp korrosjonsproblemstillingar knytt til røyr inkludert støttestrukturar. I tillegg vil vi og følgje opp korrosjon for sekundær- og tertiærstruktur.

Tilsynet er planlagt gjennomført på Nyhamnaanlegget over 2 dagar med presentasjonar, samtalar, verifikasjon i anlegget og i dokumentasjon og vedlikehaldssystem.

3 Mål

Målet med tilsynet var å sjå til at Gassco og Nyhamna har ei samla tilnærming til oppfølging av overflatevedlikehald, korrosjon under isolasjon, inspeksjon og aldring, og at gjennomføring av vedlikehald for Nyhamna landanlegg er i tråd med krav i selskapet og i forskrifter.

Tilsynet er ein del av den årlege oppfølginga av storulykkebedrifter som skildra i storulykkeforskrifta. Koordineringsgruppa for storulykkesyn etter storulykkeforskrifta har årlege tema for denne oppfølginga. For 2024 er dette tema vedlikehald og aldring, som vil bli ein del av dette tilsynet.

4 Resultat

4.1 Generelt

Tilsynet vart gjennomført med presentasjonar, diskusjonar, verifikasjonar i anlegget og verifikasjonar i system for vedlikehald og dokumentasjon.

Vi har identifisert to områder med potensial for forbetring knytt til mål og strategiar og styring av vedlikehald.

5 Observasjonar

Vi har to hovudkategoriar av observasjonar:

Avvik: Observasjonar der vi *påviser* brot på/manglande oppfyljing av regelverket.

Forbetringspunkt: Observasjonar der vi *meiner å sjå* brot på/manglande oppfyljing av regelverket, men ikkje har nok opplysningar til å kunne påvise det.

5.1 Avvik

Det vart ikkje påvist nokre avvik i dette tilsynet.

5.2 Forbetringspunkt

5.2.1 Mål og strategiar

Forbetringspunkt

Det synes å være manglande samsvar mellom kortsiktige og langsiktige mål og strategiar og bruk av måleparametrar og indikatorar i arbeid knytt til KUI og overflate på Nyhamna.

Grunngjeving

Vi har i tilsynet blitt informert om arbeid knytt til KUI og overflate på Nyhamna og vi fekk ein oversikt over oppfølgingsaktivitetar som Gassco har gjennomført med Shell som teknisk tenesteytar relatert til inspeksjon, degradering og overflater Rehabilitering.

Shell presenterte kva som var gjort av aktivitetar knytt til inspeksjon av overflatebelegg og KUI med eventuelle utbetringar. Vi vart informert om at dette var eit område der ein forventa ei aukande arbeidsmengd framover og at det var ei problemstilling det var sentralt å ha ei langsiktig oppfølging av.

Vi vart forklart begrep og kort vist informasjon for restlevetidsvurderingar på anlegget (Residual Lifetime Assessment – RLA), plan for ivaretaking av anlegg (Asset Care Plan – ACP) og ein hovud strategiplan (Master Strategy plan – MSP). Ut i frå det vi vart presentert så var det noko manglande koordinering mellom planar og system. I det vi vart presentert av planar for inspeksjon og utbetringar så var det i hovudsak planar som var avgrensa til resten av 2024 og 2025. Utover 2025 så var det lite detaljar og samsvar mellom allokerede ressursar og forventa auke i arbeidsmengde.

Krav

Styringsforskrifta § 7 om mål og strategier

Styringsforskrifta § 10 om måleparametere og indikatorer

5.2.2 Styring av vedlikehald

Forbetringspunkt

Det synes å være mangelfull styring av vedlikehald på anlegget

Grunngjeving

Under verifikasjonsrunden i anlegget observerte vi fleire område der det var kapsling / isolering som ikkje fungerer som tiltenkt med hol i kapsling, degraderingar, sprekker med meir. Vi observerte og stader der kapsling openbart mangla eller berre var delvis montert. For nokre av stadene vi observerte så hadde det vore gjort enkeltvise inspeksjonar / verifikasjonar i 2023, men vi vart ikkje informert om nokre notifikasjonar knytt til desse.

Vi spurte og ein del rundt samsvar mellom det som var avisolert i felt (permanent) og oppdatering av teikningsunderlag. Krav i Shell er at oppdateringar av dokumentasjon skal gjerast umiddelbart / så raskt som muleg. Vi vart forklart at det var ei forsinking i prosessen på oppdateringa og at det nok var muleg etterslep her på oppdatering av teikningsunderlag.

Krav

Teknisk og operasjonell forskrift § 58 om vedlikehold


Teknisk og operasjonell forskrift § 59c om vedlikeholdseffektivitet

6 Andre kommentarar

Shell presenterte pågåande prosjekt med fjerning av isolasjon/passiv brannbeskyttelse. Som grunnlag for om den passive brannbeskyttelsen kan fjernast er det nytta ein metode som Equinor har utvikla over fleire år. Vi vart informert om at det var tett oppfølging og verifikasjon frå Shell i dette arbeidet og det var og nytta tredjepart for verifikasjon. I tilsynet vart vi informert om potensial for å avisolere 10 000m² på rør og utstyr.

I tilsynet gjekk vi gjennom enkelte hendingar med omsyn på erfaringsdeling og læring. Vi minte om krav i regelverket vårt om rapportering av fare- og ulukkesituasjonar (styringsforskrifta §29) der det ikkje er ei nedre grense for kva som skal rapporterast til oss. Det er ein lav terskel for innrapportering og at ein skal vurdere om det under ubetydeleg endra omstende kunne utvikla seg til noko meir alvorleg. Vi understrekar her og at det ikkje nødvendigvis treng å ha skjedd ei konkret hending, men det kan vere tilløp til. Det kan i denne samanhengen og vere relevant om ein under tilfeldige inspeksjonar oppdagar manglar eller feil frå anlegget vart bygd.

7 Deltakarar frå oss



8 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under planlegging og gjennomføring av aktiviteten:

- Presentasjonar i tilsyn
- Oversikt over oppfølgings- og monitoreringsaktivitetar Gassco
- Nyhamna organisasjonskart
- KUI risikobasert inspeksjonsprosedyre for Nyhamna, 37-1A-NS-N03-00009, versjon 01M, 21.12.2021
- Corrosion Management and Inspection System Strategy for Nyhamna, 37-1A-NS-N02-00004, versjon 01M, 20.6.2024
- Prosedyre for vedlikehold og reparasjon av maling på prosessutstyr og struktur på Nyhamna, 37-1A-NS-R03-00002, versjon 02M, 1.2.2023
- QA-0427 Risk based corrosion management including CUI and CUPS_REPORT, Gasscoverifikasjon på Nyhamna juni 2024

- Oversikt sikkerheitskritiske element (SCE) som degraderte / ute av funksjon (impaired)
- Technical information Note, TIN – Surface Cracks in Benarx F XP Insulation Material, TIN No: 37-1A-NS-X15-66201, Rev. 02
- Utskrift fra verifikasjon i vedlikeholdssystem
- Lekkasjelogg

Vedlegg A**Oversikt over personell i tilsynet**